



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Kommunedirektør

2022/3204-53  
10.03.2025

Til NVE,  
ref. 202211253- 53

## Høyringsfråsegn - tilleggsutgreiingar og forslag til avbøtande tiltak.

NVE har i brev 20.02.2025, bedt om høyring på tilleggsutgreiingane og dei avbøtande tiltaka som er føreslått. Høyringsfristen for denne er 15 mars 2025.

### Miljø og naturmangfald

Kvinnherad kommune har ikkje kompetanse til å vurdera Sweco sine resultat. Kvinnherad kommune stolar på at Statsforvaltaren tek dei naudsynte vurderingane her. Kommunen er opptatt av å bevare naturen så godt som mogeleg og at Statkraft tek omsyn til dette spesielt i anleggsfasen.

Ein del artar er oransje- og raudlista i kartlegginga av naturmangfaldet. Vi reknar med at Statkraft tek omsyn til dette og finn gode tiltak for å verna desse.

Statkraft vil revurdera marktrykket for tipp ved Markjelevatnet. Det er bra.

### Plassering av utløp

I dei tilleggsutgreiingane såg det ut til at utløpet skulle gå litt innanfor det «neset» som ligg ved massedeponiet. Kommunen synest det var eit mykje betre forslag slik det no ligg føre, at utløpet frå Mauranger 2 kjem ut i same utløp som er der frå før.

### Andre tiltak i området

Det er vist til ein mogleg løysing for fylkesveg 49 der ein planlegg ein tunell mellom Austre- og Nordrepollen. Vi er gjort kjent med at denne korte traseen ikkje vert aktuell fordi den kjem for langt ut i fjorden for å få rett sving og at det igjen vil påverka fugl og fisk. Det skal gjerast mange ulike tiltak i Mauranger (Mauranger 2, tunellbygging og nye/ fleire master til Statnett) For kommunen er det viktig at desse tiltaka blir samordna slik at det blir minst mogeleg belastning på miljøet både til fjells og til sjøen. Vi er opptatt av at aktørane ryddar opp etter seg og gjer det fint der dei har vore og spor etter anleggsarbeid blir «viska ut».

### Anleggsfase

Skyting og sprenging er omtala som sårbart. Vi ber om at Statkraft nyttar t.d. fiberdukar i sjøen som kan samle opp partiklar slik at påverknaden i sjøen blir minst mogeleg. Det same gjeld tidspunktet for dette sprengingsarbeidet. Dette bør ikkje gjerast når torskeyngelen er på sitt mest sårbare eller når dei raudlista fugleartane er i området. Vi reknar med at Statsforvaltaren har gode vurderingar knytt til dette.

